



Til

Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep
N-0030 Os

Att.:

Dykkar ref.:

Vår ref.:

30. mai 2013

Høyringsuttale: «Forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord».

Norsk landbruksrådgiving (NLR) Hordaland har vel 1500 bønder i Hordaland som medlemmer. I møte 30. mai vart styret einige om å sende denne høyringsuttalen.

NLR Hordaland ser positivt på at det kjem tilskot til drenering. Godt drenert jord er viktig for god utnytting av næringsstoffa og for å redusere avrenning og tap av næringsstoff til vassdrag.

I forslaget til forskrift står det i §3 at tilskot berre skal gjelde drenering av jordbruksareal som tidlegare har vore grøfta. Med dei endringane som har vore i nedbørsmengde og intensitet ser vi også ein stor trong for drenering av jord som ikkje har vore grøfta tidlegare, og at drenering av desse areala kan auka kvaliteten på jorda og reduserer faren for forureining vel så mykje som drenering av tidlegare grøfta jord. Vi meiner at det i mange tilfelle kan vere vanskeleg å definere om arealet har vore grøfta eller ikkje, spesielt for leige jord. Vi foreslår at setningen: «Tilskudd gis bare til drenering av jordbruksareal som tidligere har vært grøftet» i §3 vert strøken.

Vi meiner det er positivt at tilskot vert gjeve til andre dreneringstiltak enn systematisk grøfting. Vi meiner satsen på 10 kr pr meter er mykje for låg.

Med helsing
For Bjarte Naterstad, styreleiar i NLR Hordaland

Liv Lyngstad
Dagleg leiar